



Skisamlingane var vellukka - her er deltakarane på Seljestad.

Skigruppa i idrettslaget har hatt to samlingar saman med Rosendal Turnlag denne sesongen. Samlingane var særskild vellukka og ein vil prøve å halda fram i år, går det fram av årsmeldinga til ski- og friidrettsgruppa.

Samlingane omfattar alle skigruppene i kommunen og er for dei som er frå 8 til 18 år.

Dei vart arrangert i Fjellhaugen og på Seljestad.

Frå Uskedal IL var Pål Haugland, Steinar Haugland, Sara Hjelmeland Arnesen, Cathrine Haugland og Ole Vidar Monsen instruktørar.

Det har generelt vore bra aktivitet i ski- og friidrettsgruppa sjølv om det kan verka som det har vore mindre deltaking i ulike konkurransar og arrangement rundt om i kretsen og nasjonalt.

Den nye friidrettstreninga på Heio har vore kvar onsdag frå starten av mai til allidretten tok over i september. Det har vore fokus på grunnleggjande friidrettstrening. Dei har også hatt ei terrengløype med fast kondisjonstest ein gong i månaden. Friidrettstreninga har vore for dei frå 8 til 16 år og det er hovudsakeleg Jostein Saghaug og Ole Vidar Monsen som har hatt ansvaret.

I den tradisjonelle seniortreninga på barmark kvar tysdag sommar og haust har gruppa fått med yngre deltakarar og stundom også deltakarar frå andre idrettslag. Denne treninga er open for alle uavhengig av aktivitet og ambisjonar.

Utover hausten startar dei og med trening onsdag og torsdag og så snart det kjem snø i Fjellhaugen startar fellestrening der. Den er kvar tysdag og torsdag for aldersgruppa frå 8 til 16.

Av Ola Matti Mathisen